



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/17	Aurland hamnestyre	22.11.2017
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/984 - 17/8384	K1 - 150, K2 - P00	John Johnsen 57 63 29 10	14.11.2017

### Aurland Hamnevesen KF - budsjett 2018

#### Tilråding frå hamnesjefen:

Kommunestyre vedtek budsjett 2018 for Aurland Hamnevesen KF slik det ligg føre.

#### Bakgrunn

Vedlegget viser forslag til budsjett for 2018, vedteke budsjett 2017 og godkjent rekneskap for 2016. Anløpsavgifta skal dekkja bestemte kostnader og til høgre i budsjettet er det oppført 2 kolonner. Den første kolonna viser prosentvis grunnlag for anløpsavgift og den andre kva dette utgjer i kroner.

Betalingsattsane for 2018 vert føreslege uendra med unnatak for vederlag på vatn som er auka frå kr. 15,50 til til kr. 17,00. Miljødifferensierte kaivederlag(EPI) må koma som eiga sak då grunnlaget for dette ikkje er klart.

Det ligg føre tinging frå 152 skip mot 140 i 2017. Pr. d.d. ligg det an til at det vil bli 46 skip som ikkje får kaiplass som då ligg til anker mot 34 i år. I budsjettframlegget er det teke omsyn til dette. Erfaringsmessig vil det bli ein del endringar her, samt i liggetid pr skip vil gjera utslag på ISPS, men her vert det betalt etter vederlag slik at både inntektene og utgiftene endrar seg like mykje.

Lønskostnaden dekkar to faste stillingar og løn til vaktmannskap og sommarhjelp.

Bidrag til vedlikehald av park i Flåm kr 450.000,-, som er i samsvar med ny treårig avtale med Skjerdal Landskapspleie as. Vedlikehald er auka monneleg på grunn av utbetring av erosjonskade på ferjekaien i Gudvangen. Det er sett av kr. 1,5 mill. til tiltaket. Resten vert nytta til fending og reparasjonar på kaiene.

Det er avsett kr. 5 mill. til investeringar. Av dette er det kalkulert med kr. 3 mill. til hamnevesenet sin andel i nytt høgdebassen i Flåm som tilsvarar volumauke på 500 m3. På kaiar der det nyttast provisoriske byggeskåp for landstrøm, er det tenkt å installera faste

straumuttak.

For å dekke rente på lån er det avsett kr. 125 000 som er ein reduksjon på kr 50 000 frå året før .

### **Økonomiske konsekvensar**

Slik det ser ut vil 2018 verta eit år med høg aktivitet som vil munna ut i eit godt resultat for hamneverksemda

### **Vurdering**

Ein ventar i 2018 inntekter på kr. 1 250 000 over det som var budsjettert i 2017. Dette ein direkte fylgje av at det har meldt seg fleire skip. Ein del av utgiftene er relaterte til aktiviteten slik at utgiftene aukar i takt med inntektene.

## **22.11.2017 Aurland hamnestyre**

### **Endringsframlegg i hamnestyret**

Post 35152 Vedlikehald kaiar vert auke med kr. 500 000 til kr. 3 000 000.

Gjennomgang av grunnlaget for budsjett 2018 v/ Johannes Dalsbotten, Aurland Rekneskapskontor as.

Endringsframlegg i hamnestyret.

### **Røysting:**

Tilråding frå hamnesjefen med endringsframlegg i hamnestyret: samrøystes

### **HAMN-029/17 Vedtak:**

Kommunestyre vedtek budsjett 2018 for Aurland Hamnevesen KF med dette tillegget: post 35152 Vedlikehald kaiar vert auke med kr. 500 000 til kr. 3 000 000.

Samrøystes

### **Vedlegg:**

Budsjett.2018